

Barnesongar på nynorsk

SMÅBARNSAVDELING, DEL 2

Labbetussemann

Frå *Syng sjøl* (til nynorsk ved G. Johnsen, Selja forlag 2004)

Tekst og melodi: ukjend

Labbe, labbe, labbetussemann
Eva og Else og Arne heiter han.
Dei er ikkje her, dei kjem nok ikkje med,
Dei reiste med eit jetfly til Amerika.

Kråkevise

Trad.


Høgt i eit tre ei kråke.
Sim sala bim bam ba sala du sala dim.
Høgt i eit tre ei kråke sat.

Da kom ein gammal jeger.
Sim sala bim bam ba sala du sala dim.
Da kom ein gammal jeger fram.

Han skaut den stakkars kråka.
Sim sala bim bam ba sala du sala dim.
Han skaut den stakkars kråka ned.

Men da eit år til ende.
Sim sala bim bam ba sala du sala dim.
Men da eit år til ende var.

Da blei den stakkars kråka.
Sim sala bim bam ba sala du sala dim.
Da blei den stakkars kråka levande!



Bukken gjekk etter geitom sine

Trad.

Bukken gjekk etter geitom sine.
Så sprang han oppå haugen.
Så fekk han sjå alle små geitom sine.
Så hoppa'n, så dansa'n, så trava'n,
så sprang'n som ein hest, som ein hest, som ein hest!

Ro, ro til fiskeskjer

Trad.

Ro, ro til fiskeskjer.
Mange fiskar får me der.
Ein til far og ein til mor,
ein til syster, ein til bror
og to til den som fisken fekk,
og det var vesle (namn).



Trollmors vogglesong

Frå *Songboka mi* (J. Graasvoll, Det Norske Samlaget 1982)

Tekst og melodi: Margit Holmberg

Når trollmor har lagt sine el've små troll
og bunde dei fast i halen,
då syng ho så sakte for el've små troll
dei vakraste ord ho kjenner.
Ai ai ai ai ai boff,
ai ai ai ai ai boff,
ai ai ai ai ai boff boff,
ai ai ai ai ai boff.

Sommarfuglen

Frå *Syng sjøl* (G. Johnsen, Selja forlag 2004)

Tekst: M. Takvam, melodi: Andreas Berg

Vesle sommarfugl, skund deg og kom!

Flyg over blomster og blad.

Sei meg kva er det i verda som

gjer deg så flagrande glad?

Eg er så glad for alt eg har sett

inn mellom blomster og strå.

Glad fordi eg er liten og lett

og ser alt stort i det små.

